



Arkivsaksnr.:  
2023/17843

Dokumentdato:  
27.02.2024

Styre:  
Universitetsstyret

Styresak:  
20/24

Møtedato:  
07.03.2024

---

## Revisjon av opptaksforskrifta

---

### Tilvising til bakgrunnsdokument

- [Forskrift om opptak til Universitetet i Bergen](#)
- [UU sak 51/23, Revisjon av opptaksforskrifta - karakterkrav for opptak til master](#)
- [UU sak 4/24, Revisjon av opptaksforskriften](#)

### Saka gjeld:

Saka gjeld revisjon av opptaksforskrifta, som regulerer opptaket av studentar ved UiB. Dels samlar forskrifta reglar som er vedtekne av sentrale myndigheiter, og dels inneheld forskrifta UiB sine egne reglar. Forslaget som blir lagt fram her har vore på høyring hjå fakulteta, og har vore diskutert i to møter i Utdanningsutvalet til UiB.

Både universitetsleiinga og dekanane har på ulike tidspunkt blitt orienterte om, og har diskutert, hovudlinjene i dette forslaget.

Bakgrunnen for revisjonen er:

- Behov som er melde frå fakulteta og diskuterte i Utdanningsutvalet (Sak 51/23)
- Endringar i den nasjonale opptaksforskrifta, som UiB er bunden av
- Behov for opprydding av enkelte føresegner knytt til covid-19 og flyktningsopptak
- Eit ønske om ei meir fleksibel tilnærming til forskriftsendringar i framtida

Opptaksforskrifta er fastsett av universitetsstyret, og det er styret som vedtar endringane. Saka inneheldt ein gjennomgang av endringane i forskrifta.

### Forslag til vedtak:

Universitetsstyret vedtar endringane i *Forskrift om opptak til Universitetet i Bergen* slik dei ligg føre i saksframstillinga.

Tore Tungodden  
universitetsdirektør

27.02.2024/Kristian Hole Lønning/Knut Knapskog/Christen Soleim (avd.dir)

Vedlegg:  
1. Saksframstilling

## Saksframstilling

Styre:  
Universitetsstyret

Styresak:  
20/24

Møtedato:  
07.03.2024

Arkivsaksnr:  
2023/17843

## Revisjon av opptaksforskrifta

### Bakgrunn

Studieavdelinga (SA) gjennomfører med jamne mellomrom revisjonar av [opptaksforskrifta til UiB](#). SA sendte før jul forslag til endringar av forskrifta på høyring til fakulteta, med frist 19. januar. Forslaga vart diskuterte i Utdanningsutvalet den 7. februar.

Forslaga kjem dels som behov melde frå fakulteta og som har blitt diskuterte i Utdanningsutvalet. Det er også behov for å synleggjere endringar som er bundne av endringar i den nasjonale opptaksforskrifta, fastsett av Kunnskapsdepartementet. I tillegg er det eit behov for opprydding av mellombelse føresegner knytt til covid-19 og flyktningopptak.

Endringsforslaga blir her presenterte med bakgrunn og grunngiving.

### Krav for opptak til master

Karakterkrav: Karakterkrav for masteropptak vart diskutert av Utdanningsutvalet i møte 7. desember 2023 ([sak 51/23](#)), og 7. februar (sak 04/24). Utdanningsutvalet ønsker ei justering av karakterkravet for opptak til masterprogram ved UiB. For søkjarar med bokstavkarakterar blir følgjande omrekningskala nytta som grunnlag for utrekning av gjennomsnittskarakter: A=5, B=4, C=3, D=2, E=1. Minimum karakterkrav for opptak til master ved UiB er eit vektgjennomsnitt av fagleg fordjuping, på karakteren C. Medan UiB si opptaksforskrift har fastsett C-kravet sitt til å vere 3,00, har andre sentrale institusjonar, som UiO, NTNU, UiT og HVL, eit fastsett C-krav på 2,50. Årsaka til denne forskjellen er at desse institusjonane brukar vanlege avrundingsreglar for utrekning av C-kravet, slik at karakteren C svarar til talverdiar i spenn mellom 2,50 og 3,49.

Det humanistiske fakultet (HF) har hatt unntak frå opptaksforskrifta, og reknar ut minstekravet etter vanlege avrundingsreglar. Det matematisk- naturvitskaplege fakultet (MN) har nyleg fått eit tilsvarande unntak. Bakgrunnen er i begge tilfelle at fakulteta ønsker å kunne rekruttere frå ein større søkarmasse, rekruttere studentar som har bachelorgradar frå andre institusjonar, og vere konkurransedyktige i forhold til masterprogram hos andre institusjonar. Studieprogram som har mange søkjarar i forhold til studieplassar, får uansett ei høgare karaktergrense uavhengig av minstekravet.

Det er forskriftsfesta at fakulteta kan søke universitetsstyret om unntak for inntil tre år, på vilkår om at unntaksordninga blir evaluert. Det har ikkje vore meininga at hovudtrekka i opptaksregelverket skal regulerast gjennom denne typen unntak, og HF- og MN-fakultetet tar saman opp over 40 prosent av masterstudentane ved UiB.

Utdanningsutvalet har drøfta alternative måtar å regulere minstekrav på og foreslår einstemmig å bruke snittkarakter C definert etter vanleg avrunding, altså 2,50 eller betre.

*Forslag om å stryke § 1-2 i forskrifta, og endre § 2-2 (3) bokstav e til:*

e. Emna som utgjer den faglege fordjupinga skal ha eit vekta snitt på karakteren C, jf. retningslinjene for utrekning av karakterpoeng i § 5-4.

*Forslag om nytt punkt i § 5-4:*

(3) For utrekning av kvalifiseringskrav etter § 2-2 (3) bokstav e, skal avrunding skje til næraste heile tal etter vanlege avrundingsreglar.

Noverande tredje til femte avsnitt blir til høvesvis fjerde, femte og sjette avsnitt.

Språkkrav til engelskspråklege masterprogram: Internasjonale studentar dokumenterer ofte engelsknivå gjennom ein såkalla IELTS-test. UiB krev i dag ein minimum «overall band score» på 6.5 på IELTS-testen. Dette inneber at det er snittet som er avgjerande, slik at ein kan ha lågare poengsum på nokre element, så lenge ein veg opp på eit anna. Ei mogleg utfordring med dette er at søkarar kan få opptak sjølv om føresetnadene for å følge eit engelskspråkleg masterprogram ikkje er til stades. Forslaget er derfor å endre forskrifta til å spesifisere minimum score på alle delprøver.

*Forslag til endring av § 2-1 (4) bokstav b til:*

b. International English Language Testing Service (IELTS) med minimum score 6.5 på alle delprøver.

Opptaksforskrifta fastset også at engelskkravet til engelskspråklege masterprogram kan dekkast dersom ein har fullført engelsk frå Vg1 (140 årstimar) med karakter 4 eller betre. Dette kravet gjer det vanskeleg for søkjarar med norsk vidaregåande utdanning å kvalifisere til engelskspråklege masterprogram dersom dei ikkje har karakter 4 på engelsk Vg1 eller betre. Studentar som har gjennomført bachelorprogram og som søker vidare til master vil ha studert minimum tre år sidan karakteren på vidaregåande skule, og vil i dei aller fleste tilfella ha blitt eksponerte for engelsk gjennom desse studia. Forslaget er derfor å ta bort karakterkravet. Fjerning av karakterkravet gjev større fleksibilitet og tar omsyn til erfaringa som indikerer at karakteren frå vidaregåande skule sjeldan speglar faktisk språknivå.

*Forslag til endring av § 2-1 (1) bokstav a til:*

a. Engelsk frå Vg1 i norsk vidaregåande skule (140 årstimar), eller utdanning av minst same omfang frå ein stat som er part til Lisboakonvensjonen. Vurderinga av same omfang tar utgangspunkt i at engelsk frå Vg1 i norsk vidaregåande skule bygger på 10 år med engelsk frå grunnskulen.

## **Eigenbetaling/studieavgift for enkeltemne på vidareutdanning**

Den noverande føresegna om opptak til enkeltemne lyd:

### **§ 2-3 Opptaksgrunnlag enkeltemne**

(1) For opptak til enkeltemne må søkjaren dekke minstekrava for opptak til den utdanninga som emna ein søker opptak til, inngår i. Eventuelle krav om fagleg forkunnskap for emnet må òg dekkast. Opptakskrava kan fråvikast for avtalestudentar som skal ta enkeltemne eller semesterstudium.

(2) Søkjarar til enkeltemne på mastergradsnivå som ikkje inngår i ein grad, må dokumentere opptaksgrunnlag tilsvarande som for erfaringsbasert mastergrad, jf. § 2-2 (4).

Eit nytt § 2-3 tredje avsnitt vil regulere opptaksgrunnlag til enkeltemne som har eigenbetaling/studieavgift. Første avsnitt vil halde fram å regulere opptaksgrunnlaget for enkeltemne utan eigenbetaling.

Bakgrunnen for forslaget er ei endring i Kunnskapsdepartementets opptaksforskrift, som tillét eigenbetaling for emne som normalt er ein del av eit studieprogram som fører til ein grad. Dette gjev UiB moglegheita til å tilby slike emne med eigenbetaling for søkarar med minimum to års arbeidserfaring. Konsekvensen er at UiB kan tilpasse gradsemne som vidareutdanningsstudium med eigenbetaling, med for eksempel samlingsbasert gjennomføring.

*Forslag til nytt tredje avsnitt i § 2-3:*

(3) For opptak til enkeltemne med eigenbetaling gjeld første avsnitt, i tillegg til eit krav om minst to års arbeidserfaring.

### **Fjerning av mellombelse føresegner**

Det er foreslått fjerning av to føresegner frå forskrifta, som begge var meint å vere mellombelse: §§ 2-7 og 6-4.

Den første føresegna gjeld dispensasjon frå opptakskrava for flyktningar (§ 2-7). Departementet innførte ei slik ordning for opptaket i 2022/2023 i samband med invasjonen av Ukraina. Heimelen for å sjå bort frå opptakskrava er ikkje vidareført, og fjerninga av føresegna frå UiB si opptaksforskrift inneber ingen realitetsendring.

Den andre føresegna gjeld moglegheit til å ta opp studentar på masterprogram og PPU, sjølv om dei manglar inntil 15 studiepoeng eller eitt emne av bachelorgrada. Opptaket blir då gjort på vilkår om at grada blir fullført innan ein viss tidsperiode. Unntaket var del av tilpassingar i regelverket som UiB gjorde i samband med koronasituasjonen. Føresegna gjeld etter ordlyden for «opptaket i 2022», og føresegna gjeld derfor ikkje lenger.

*Forslag om å fjerne §§ 2-7 og 6-4.*

### **Delegasjon av endringsmyndigheit**

Opptaksforskrifta er fastsett av universitetsstyret, og det er styret som vedtar endringane. Samstundes er dei fleste endringane som blir gjort i forskrifta anten for å oppdatere i samsvar med regelendringar frå sentrale myndigheiter (lov og sentrale forskrifter), eller for å gjere mindre justeringar i sakshandsaminga.

I tilfelle der det sentrale regelverket må følgast, har ikkje universitetsstyret reell innverknad på vedtaket. Forslaga i dette dokumentet, om høvesvis mellombelse føresegner og opptaksgrunnlag for enkeltemne, illustrerer dette på ein god måte. I slike tilfelle er det meir hensiktsmessig at rektor vedtar endringar i forskrifta.

Sjølv om myndigheita til å endre forskrifta i mange tilfelle vil ligge hjå rektor med denne endringa, så vil praksisen med å sende endringsforslaga til fakulteta for innspel og handsaming i Utdanningsutvalet halde fram. Innspela og handsaminga vil vere retningsgivande i vurderinga av om forslaget ikkje er mindre viktig, og dermed om saka skal leggast fram for universitetsstyret.

*Forslag til nytt fjerde avsnitt i § 8-1:*

(4) Rektor kan vedta mindre viktige endringar i denne forskrifta. Universitetsdirektøren skal rapportere slike endringar til styret.

### **Innspelsrunde**

Endringsforslaga som ligg føre i saka har vore på innspelsrunde til fakulteta. Alle fakulteta har gjeve innspel og skriv anten at dei støtter forslaga, eller at dei ikkje har kommentar til forslaga. Unntaka er skildra under:

Det samfunnsvitskapelege fakultet skriv at dei støttar forslaget om endring av karakterkrav for opptak til master, men understrekar at enkelte av institutta deira er kritiske til forslaget. Fakultetet skriv også at dei er skeptiske til forslaget om eigenbetaling/studieavgift for enkeltemne på vidareutdanning og påpeikar at to års relevant arbeidserfaring ikkje bør vere eit krav for alle EVU-kurs med eigenbetaling, men bør heller inngå i forkunnskapskrava per emne. Det matematisk-naturvitskapelege fakultet skriv at dei støttar forslaget om at rektor skal kunne godkjenne enkelte endringar i forskrifta, men meiner det bør sikrast gjennom forskrifta at fakulteta alltid får anledning til å uttala seg om endringsforslag.

Utdanningsutvalet har handsama endringane grundig i fleire omgangar.

### **Universitetsdirektøren sine kommentarar**

I strategien for 2023-30 uttrykker UiB ein klar ambisjon om å utdanne fleire kandidatar på masternivå. Eit viktig grep er å leggje til rette for at vi har opptakskrav som er føreseielege og tydelege for søkarane, og som bidrar til at fleire kvalifiserte kandidatar kan konkurrere om studieplassane, slik at dei best kvalifiserte får studieplass. Forslaga om å samstemme tolkinga av C-kravet med sektoren og å fjerne kravet om karakter 4 i engelsk, vil gi fleire kandidatar høve til å starte ei masterutdanning. Forslaga er godt forankra hos fakulteta, og det er positivt at UiB no har byrja førebuingane mot eit nasjonalt samordna masteropptak som er under planlegging av HK-dir. Det nasjonale masteropptaket skal organiserast etter modell av det samordna opptaket til grunnutdanningane

Det er positivt at saker om forskriftsendringar blir lagt fram samla, etter gode prosessar på fakulteta. Ei slik tilnærming gjer at styresaker om forskriftsendringar kan vere av prinsipiell karakter. Dette er også bakgrunnen for forslaget om at mindre viktige endringar blir delegert til rektor.

27.02.2024/Kristian Hole Lønning/Knut Knapskog/Christen Soleim (avd.dir)